

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **18. september 2024** blei det halde møte i Bokn kontroll- og kvalitetsutval under leiing av nestleiar Anne L. Faye.

MØTESTAD:	Bokn Arena, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.30
MØTANDE MEDLEMER:	Anne Løvereide Faye (Uavh.), Sondre Tveita (Sp) og Hans Jørgen Ognøy (KrF)
FØRFALL:	Olav L. Rossebø (H), Daghild G. Alvestad (Uavh.) og vara Gunn G. Hognaland (H)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Marit Alvestad (A)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS:	Regnskapsrevisor Tore Kristensen og forvaltningsrevisor Håvard Aarvik-Hansen
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad Kommunalsjef helse og omsorg Grethe Heimvik og einingsleiar May Lisbeth Fiskaaen i sak 14
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 13/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 22.05.24

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 22.05.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 22.05.24 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 14/24 ORIENTERING OM HELSE OG OMSORG V/KOMMUNALSJEF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunalsjef for helse og omsorg Grethe Heimvik og einingsleiar May Lisbeth Bosvik Fiskaaen si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Kommunalsjef helse og omsorg Grethe Heimvik og einingsleiar May Lisbeth Fiskaaen viste ein presentasjon og orienterte om sitt arbeidsområde. Eininga er den største i kommunen med 57 tilsette og mange ulike oppgåver. Dei famnar frå born til gamle og sjuke. Bokn tilbyr gode tenester og sel ledige plasser til gjestepasientar.

Kommunen har teke imot 46 flykningar frå Ukraina og det var stort fokus på språkopplæring og god integrering.

Av utfordringar blei auka alderssamansetting i befolkninga, meir komplekse behov hos brukarane og høgt sjukefråvær trekt fram.

Møteleiar takka for ei lærerik og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunalsjef for helse og omsorg Grethe Heimvik og einingsleiar May Lisbeth Bosvik Fiskaaen si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 15/24 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPS-KONTROLL

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre/med desse endringane

Og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyret vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre.

Bokn kommunestyret gir kontroll- og kvalitetsutvalet delegert mynde til å gjera endringar i planen i samsvar med kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Møteleiar og sekretær gjorde greie for saka. Medlemmene drøfta framlegget og blei samde om å ikkje gjera endringar.

Utvalet slutta seg til planen slik den var fremma.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre.

Og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyret vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre.

Bokn kommunestyret gir kontroll- og kvalitetsutvalet delegert mynde til å gjera endringar i planen i samsvar med kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

SAK 16/24 VAL AV NYTT REVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om til neste møte.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Medlemmene drøfta kva for prosjekt dei skulle velja no. Utvalet blei samd om å velja «Integrering av flyktingar». Dette var eit av dei prioriterte prosjekta i den nye planen. Revisor noterte aktuelle fokusområder og blei bedt om å utarbeide eit prosjektmandat til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Integrering av flyktingar» til neste møte.

SAK 17/24 OPPFØLGING AV FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMIFORVALTNINGA FOR 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunedirektøren si tilbakemelding til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2023 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Regnskapsrevisor forklarte kort om kontrollen og meinte tilbakemeldinga frå kommunedirektøren var bra.

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunedirektøren si tilbakemelding til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2023 til orientering.

SAK 18/24 BUDSJETT 2025 - KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Bokn kommune for budsjettåret 2025 med ein totalramme på **kr 788 000 eks. mva** fordelt følgjande:

Kontroll- og kvalitetsutvalet sine utgifter	kr	90 000
Sekretariatstenester	kr	170 000
Revisjonstenester	kr	528 000

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til framlegget til budsjett for 2025.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24 og innstilling:

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Bokn kommune for budsjettåret 2025 med ein totalramme på **kr 788 000 eks. mva** fordelt følgjande:*

<i>Kontroll- og kvalitetsutvalet sine utgifter</i>	<i>kr</i>	<i>90 000</i>
<i>Sekretariatstenester</i>	<i>kr</i>	<i>170 000</i>
<i>Revisjonstenester</i>	<i>kr</i>	<i>528 000</i>

SAK 19/24 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 25.06.24, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Regnskapsrevisor viste til dei skriftlege erklæringane og gjorde kort greie for innhaldet i erklæringane.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 25.06.24, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

SAK 20/24 ORIENTERING OM REVISJONSSTRATEGI OG FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2024 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Reknskapsrevisor hadde ei grundig orientering om revisjonsstrategien. Han gjorde greie for revisjonsplan, revisjonssyklus og rammeverket som blir nytta. Vidare blei angrepsvinkelen for revisjonen og risikovurdering av dei ulike områda gjennomgått.

Til slutt fortalte revisor om forenkla etterlevingskontroll. Han forklarte kva det er og gjennomføring av utplukk ut i frå risikovurderinga. Revisor svara på spørsmål frå medlemmene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2024 til orientering.

SAK 21/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

- 13. Statusrapport pr. september 2024
- 14. Spørsmål og tilbakemelding vedk. eigenandel på legekontoet
- 15. Tertialrapport frå Rogaland Revisjon IKS
- 16. Protokoll frå årsmøtet i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) 04.06.24
- 17. Reglement for Bokn kontroll- og kvalitetsutval
- 18. Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget – veileder frå FKT
- 19. Orienteringer fra kommunedirektøren – høring av ny veileder frå FKT og NKRF

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Sekretæren gjorde greie for referatsakene. Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 18.09.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 13 - 19 til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 13.11.24, kl. 18.00

Saker: orientering om oppvekst, kultur og idrett, bestilling av nytt revisjonsprosjekt og utvalet sin møteplan for 2025.

Bokn/Aksdal, 18.09.24

Anne Løvereide Faye
Nestleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær